

**Til:** Utval for levekår i Meland

**Frå:** Representantar for Nordhordland Seilforening, IL Kvernbit, Nordhordland padleklubb, Knarvik IL

*Dato: 6. november 2018*

## **SAMARBEID OM IKKJE-MOTORISERT SJØSPORT I FLATØYOSEN**

### **SAMANDRAG OG KONKLUSJON**

4 lokale idrettslag har nyleg hatt eit uformelt møte for å revitalisera dei gamle planane om eit felles anlegg for ikkje-motorisert sjøsport i den austlege delen av Flatøyosen. I år har eit av laga teikna nye ideskisser, men kvart av desse 4 laga må få drøfta og ta stilling til det nye initiativet kvar for seg. Eit felles anlegg krev at alle må føla seg inkluderte i prosessen. I møtet vart det semje om å be Utval for levekår (ULK) i Meland om å venda seg til fleire idrettslag og andre relevante aktørar, med spørsmål om dei ønskjer å delta. Deretter kan ein starta ein prosess med ei brei brukargruppe som kan gje innspel til planarbeidet. Mange av føresetnadene er endra gjennom alle åra som har gått sidan dei opphavelige planane vart utforma på 1990-talet, difor bør ein også tenkja nytt.

### **BAKGRUNN**

I «Idrettens handlingsplan i Meland» er det planar/kalkylar for eit anlegg for ikkje-motorisert sjøsport i Skitnedalsvika. Realiseringa har fleire gongar vore omprioritert og utsett i idrettsplanen. Det opphavelige initiativet kom frå Nordhordland Seilforening (NHS). Det har lenge uformell kontakt mellom idrettslaga om mogleg sambruk/fleirbruk, m.a. segling, roing og padling. I år har IL Kvernbit oppretta ei ny ro- og seglgruppe for tradisjonsbåtar (*sjå under*), og denne gruppa har laga egne nye ideskisser, som har i seg mykje av dei opphavelige tankane. Men alle dei 4 laga må no få informert sitt styre og sine medlemmer, før dei kan vurdere meir strukturert samarbeid.

### **OM FLATØYOSEN OG SKITNEDALSVIKA**

Den indre (austlege) delen av Flatøyosen er per i dag nesten det einaste større området i nærleiken av Knarvik og Frekhaug med lang, urørt fjære/strandlinje, som i tillegg er lett tilgjengeleg for ålmenta. Dette vert forsterka av god kollektivtransport frå eit stort omland, nye busstopp og avkøyring frå E39 med P-plass. Det er god sti 5 minutt å gå ned til Skitnedalsvika, derifrå vidare nordover til friområdet på Håøy (stien er rett nok ikkje lagt til rette for funksjonshemma). I vika er det (*sjå under*) ønskje om å byggja eit såkalla «fellesnaust» og plass til oppstilling og utsetjing av segljoller og oselvarar. I eit ferdig utbygd anlegg kan det og padling, tur/kano, uteskule-undervisning o.a. integrerast.

Parallelt med dette har presset på urørt strandline og natur overalt mellom Knarvik og Frekhaug vorte mykje større enn for 20 år sidan. Eit sjøsportsanlegg eller liknande må difor planleggjast slik at naturverdiane ikkje går tapt, pluss at god offentleg tilgjenge framleis vert sikra. I tillegg er det som kjent planar om meir omfattande utbyggingar på denne delen av Flatøy.

### **AKTUELL SITUASJON**

Torsdag 1. november hadde representantar for 4 lokale idrettslag eit møte for å finna ut om det no i 2018 framleis er interesse for å samarbeida om eit sjøsportsanlegg:

- Nordhordland Seilforening (Arne Øi)
- IL Kvernbit v/ro og seglgruppe (Atle Bergseth)
- Nordhordland padleklubb (Ove Nordvik og Svein Viken)
- Knarvik IL v/tur- og kanogruppa (Thore Andersen)

I møtet vart det semje om å be Arne Øi om å senda eit brev til ULK i Meland, der vi ber kommunen om å oppdatera status i idrettens handlingsplan og andre dokument. Deretter ber vi om at kommunen startar opp planarbeid for første steg for eit anlegg i Skitnedalsvika, i samarbeid med dei 4 klubbane og mogleg andre relevante aktørar.

For å kunne bli samde om planlegginga av eit felles anlegg, bør ein oppretta ei brukargruppe med deltakarar frå dei forskjellige laga, som kan gje innspel i planlegginga. Deltakarane på møtet må få tid til å avklara med kvar sine idrettslag at dei stadfestar at laget ønskjer å vera med i ein vidare prosess.

#### NOKRE MOMENT SOM KOM FRAM I MØTET

- Den inste delen av Skitnedalsvika er fylt igjen av sand, grus og slam frå ein lokal bekk. Mogleg kan det utnyttast positivt ved at deler anlegget, t.d. oppstillingsplass for joller, kan flyttast lenger inn, slik at minst mogleg strandlinje vert råka. Naust og rampe/flytebryggje for ut- og innsetting bør leggjast lenger ut, langs sørsida av bukta, då det må vera lett å segla inn og ut med tradisjonsbåtar og segljoller.
- Naust, rullestolsvegar osb. må leggjast langt nok inn på land til at det vert naturleg å gå forbi både bak anlegget på sti/rullestolveg, og framfor/nede i fjæra. Det må vera korte kaifrontar.
- Det bør vera utvidingsretningar (eit generelt krav til idrettsanlegg for å utløysa spelemidlar), som ikkje må øydeleggja naturkvalitetane.
- Dei 4 idrettslaga har forskjellig kapasitet og motivasjon til bidra, noko som og vil gjelda andre moglege aktørar. Dersom eit idrettslag skal flytta all si verksemd, må anlegget stetta medlemmene sine samla behov. Difor vert det viktig å kartleggja dei forskjellige interessene.
- IL Kvernbit har nyleg fått eit tilskot for å byggja fleire nye oselvarar med utstyr til å både ro og segla, noko dei ønskjer å tilby m.a. skuleklassar (*sjå under om uteskule*). Kvernbit ønskjer seg egna plassar for å nytta desse gode båtane. Dette må samordnast med dei andre tre klubbane, som ønskjer seg eit felles naust/anlegg lagt til rette for fleirbruk/sambruk for meir langsiktig samarbeid om ikkje-motorisert sjøsport. Vi må og samordna oss på ein god måte dersom andre aktørar kjem inn i tillegg.
- I møtet vart vi samde om å unngå å drøfta detaljar, likevel kom det fram ein ide vi ønsker å nemna: Kva om vi nyttar lokale byggjetradisjonar som t.d. tørrmuring og grindbygg?

#### PLANAR OM UTESKULE

Ro og seglgruppa i IL Kvernbit har sendt skriftleg invitasjon til skulane i området Frekhaug, Mollekleiv, Knarvik og Alversund, med tilbod om å vera med på utforming av eit mangesidig uteskule-opplegg knytt til strandsona og sjøen (*kopi av dette brevet er lagt ved*). Her er Håøy og Flatøyosen særst godt egna, med lett tilkomst og god kollektivtransport. Skulane har meldt stor interesse for ideen. Ein base i Flatøyosen, t.d. etter ideane i [www.fellesnaust.no](http://www.fellesnaust.no) vil vera viktig. Ein slik base må vera miljøvenleg og universelt utforma. Under kystsogeveke tidlegare i haust vart det gjennomført eit stort prosjekt med uteskule, [www.snakkastpafjorden.no](http://www.snakkastpafjorden.no) som kan fungera som bakgrunn og inspirasjon.

#### MOGLEG FRAMDRIFT

Om ønskjeleg kan vi koma til møtet i ULK i Meland 27. november. De kan og spørja dagleg leiar i Stiftinga Kystsogeveke i Hordaland, Kjell Magnus Økland, om å koma.

På vegne av representantane for dei 4 idrettslaga i møtet,

beste helsing Arne Øi / [arne.oi@fn.no](mailto:arne.oi@fn.no) 97003087